



Aril Langesæter
Kapperdalsvegen 144
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/5904 - 23/62454

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune
.no

Dato:
10.08.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 167/7 Kopperdal Nordre

Tiltak: Påbygg altan
Byggjestad: Gbnr: 167/7
Tiltakshavar: Aril Langesæter
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 02.08.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det går ikkje fram av innsendte situasjonskart plassering og ytre mål av tiltaket, samt minsteavstand til offentlig veg. Vi ber om at det sendast inn nytt situasjonskart der dette tydeleg går fram.
2. Det kan sjå ut til at det er sendt inn teikningar av tiltaket. Desse er dessverre ikkje mogeleg å tyde, og vi ber om at det sendast inn nye plan-, snitt-, og fasade teikningar som er målsatt og med ei tydeleg strek
3. Eigedomen ligg i sin heilhet innafor faresone for skred og ras. Før vi kan handsame Dykkar søknad må det sendast inn naturfarer rapport frå fagkyndig, dette kan til dømes vere ei geolog eller anna fakyndig med geoteknikk kompetanse.
4. Det går fram av nabovarsel at det ikkje er lagt ved situasjonskart og teikningar i nabovarsel. Vi ber om attendemelding på om teikningar og situasjonskart låg føre ved nabovarsel. Dersom desse ikkje vart nabovarsla er det naudsynt med ny nabovarsel

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan **14.09.2023**. Dersom det er naudsynt med forlenga frist for innhenting av rasrapport ber vi om at du tar kontakt. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Aril Langesæter

Kapperdalsvegen 144

5912

SEIM